



Referat årsmøte

VIKEDAL UNGDOMSLAG

2020

08.03.21

DIGITALT



Desse møtte:

Venke Særsten, Tone Helen H. Halleraker, Rita Kristine Aaker, Reidar Austrheim, Nils Erik Eide
Årsmøtet var med desse deltakarane vedtaksføre (5/7).

1. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Samrøystes vedtatt
2. **Val av ordstyrar**
Nils Erik Eide blei samrøystes vald
3. **Årsmelding 2020**
Årsmelding vart samrøystes vedtatt (ligg vedlagd)
4. **Regnskap 2020**
Samrøystes vedtatt (ligg ved)
5. **Budsjett 2021**
Samrøystes vedtak:
Styret får årsmøtet si godkjenning til å utarbeide budsjett for 2021 på første styremøte etter årsmøtet.
6. **Val 2021**
Styret for 2021:
Gro Anett Espevoll (2 år) – attval
Nils Erik Eide (2 år) – attval
Tone Helen Halleraker (1 år) – ikkje på val
Venke Særsten (1 år) – ikkje på val
Reidar Austrheim (2 år) – attval
Rita Kristine Aaker (1 år) – ikkje på val
Daniel Roda (1 år) – ikkje på val

Det nye styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet.
7. **Aktivitetsskalender 2021**
Samrøystes vedtatt (sjå vedlegg)
8. **Innkomne saker**
Støtte til Vikedal Drill, samrøystes vedtatt at VUL støttar drillen med ein årleg sum på 10.000 kr for å bidra til at drillen vert oppretthaldt.
9. **Eventuelt**
 - a. *Årsmøte Vikedal bygdahus 18.03.21, digitalt. Viktig at VUL stiller med fem delegatar.*
 - b. *Årsmøte Rogaland UL 25.03.21, digitalt. VUL stiller med to delegat.*
 - c. *Kampanje verving av medlemmer; for å verve fleire medlemmer «reklamerer» VUL for alle aktivitetar og støtte til aktivitetar. Dette for at folk skal få augene opp for at VUL støttar og legg til rette for aktivitet for barn og unge i bygda.*



ÅRSMELDING 2020

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Rita Kristine Aaker (styremedlem), Reidar Austrheim (vara), Daniel Roda Espevoll (vara).

Styret har ikkje hatt fysiske møte i 2020 grunna Covid-19, men har kommunisert på Facebook-gruppa til styret.

VUL har som mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. Dette året har VUL hatt på agendaen om å gi støtte til Vikedal drillkorps, slik at dei kan halda fram med den kjekke aktiviteten som dei i så mange år har hatt her i bygda. I tre år framover ønskjer VUL gi 10.000 kr i året. Dette vert endeleg avgjort som årsmøtesak.

VUL har hatt lite inntekt på utleige av lyd – og lysanlegg grunna Covid-19. Styret har gått til innkjøp av ny digital miksepult, som kjem til å gjera det lettare for oss å rigge til når me blir leigd inn. Den gir også betre lyd.

Når det gjeld betre lagringsmoglegheiter for utstyret vårt på bygdahuset, så har det ikkje skjedd noko betring dette året, naturleg nok grunna Covid-19 situasjonen. Dette er framleis eit mål for styret – å få orden på lagring og meir kontroll på anlegget vårt.


Elles vart alle planlagde arrangement avlyst dette året grunna pandemien. Det blei ingenting av Kaptein Hjørnetann, VUL disko, som me har hatt stor suksess med i mange år.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondsmidlar: 10.831 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- MVA kompensasjon: 4.604 kr

Dette året fekk VUL om lag 9.000 kr kroner som Grasrotmottakar, som er veldig bra. Me håpar etter kvart fleire set VUL som grasrotmottakar, dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

Vikedal Ungdomslag stilte med to delegat med røysterett på Rogaland Ungdomslag sitt digitale årsmøte 19.mai. Venke og Nils Erik deltok, der sistenemnde fekk tillit til å leia dette digitale møtet.



Vikedal bygdaus arrangerte ikkje årsmøte i 2020, der VUL er ein av dei største andelseigarane.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt Covid-19 fritt år.

Takk for i år!

07.03.21

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag


Vikedal ungdomslag



...for ei aktiv bygd!



REKNESKAP 2020

		
Regnskap for Vikedal Ungdomslag 2020		
Inn		
Dato	Konto: 3244.05.20501	Beløp
08.01.2020	Norsk Tipping AS	2940,43
05.02.2020	Seniortreff Kroå 2019 - Vikedal Grendautval	2000
22.03.2020	Medlemskont. (fam. Nils Erik Eide)	400
15.04.2020	Medlemskont. (fam. Venke Særsten)	400
21.04.2020	Utleie av lydanlegg (FAU Vikedal skule - 17. mai 2018 og 2019)	4000
28.04.2020	Utleie av lydanlegg (VIL - Hestanipen opp 2019)	2000
30.04.2020	Utleie av lydanlegg (Vikedal skule - Volleyballturnering 2019)	500
06.05.2020	Norsk Tipping AS	2713,53
09.05.2020	Medlemskont. (Leiv Haaland)	200
11.05.2020	Utleie av lydutstyr (Vindafjord kommune - Folkemøte 2019)	1000
28.05.2020	Driftstilskudd - Vindafjord kommune	10000
08.09.2020	Norsk Tipping AS	2977,1
21.10.2020	Tilbakeførsel- Tilgode bankboksleie nr.14	110
15.12.2020	Lønn Noregs Ungdomslag (frifondmidler)	10831
21.12.2020	Lønn Noregs Ungdomslag (mva kompensasjon)	4604
31.12.2019	Kreditrenter	12
	Sum	44688,06



AKTIVITETSKALENDER 2021

MND	AKTIVITET
Mars	<ul style="list-style-type: none"> - (Årsmøte VUL for 2020, måndag 8.) - Årsmøte Rogaland Ungdomslag, digitalt 25. - Søknad driftsmidlar kommunen – frist 15.
April	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte, digitalt
Mai	<ul style="list-style-type: none"> - Lyd 17.mai?
Juni	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte, digitalt - Lyd Ølmedal Rundt 1. juni (2.pinsedag) ?
Juli	<ul style="list-style-type: none"> - Kaptein Hjørnetann på Sommarfestival ?
August	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte, digitalt - Førebu søknad om frifondsmidlar NU (frist 1.sept) - VUL-disko?
September	<ul style="list-style-type: none"> - Frist søknad Frifondsmidlar søndag 1.
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte, digitalt
November	
Desember	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte, digitalt
Januar <small>(2022)</small>	
Februar <small>(2022)</small>	<ul style="list-style-type: none"> - Styremøte, digitalt - Førebu årsmøtet i mars
Mars <small>(2022)</small>	<ul style="list-style-type: none"> - Årsmøte måndag 7.